

Sak 26-25 UTVIKLING AV KOMMUNALE SENGER PÅ SJUKESTUGU**Bakgrunn:**

I Regionrådsmøte i mars 2025 vart det fatta slikt vedtak:

«Regionrådet ber KRU og administrasjonen, i samarbeid med Vestre Viken utarbeide eit mandat for ein berekraftig og langsiktig modell for vidare drift av sjukestugu. I dette mandatet må ein koma inn på grunnlag, beleggsprosent, andre typar pasientar og ev fleire kommunar. Alle kommunar blir involvert med inn i denne prosessen. Saka med mandat blir lagt fram for Regionrådet i mai.»

Administrasjonen i Regionrådet og representantar frå KRU har i møte med direktør i på Ringerike sjukehus og leiar på Hallingdal sjukestugu starta arbeidet med å sjå på utviklinga av sjukestugu utan å primært tenke økonomi. Me ønskjer å vurdere korleis ein kan utvikle det kommunale tilbodet på IMA slik at det blir eit betre tilbod og auka beleggsprosent.

I denne saka skal Regionrådet koma med innspel til korleis Hallingdal skal lukkast med å utvikle Sjukestugu vidare.

Kva skal prosessen ha fokus på:

- Korleis skal me utvikle tilbodet ved sjukestugu
- Kva skal til for at kommunane nyttar tilbodet i større grad:

Vurderingar lokalt

- Kan ein sjå på type behandling og ev. nye pasientgrupper t.d. terminalpleie, psykisk helse, rehabilitering osv
- Kan me få med nye kommunar?
- Marknadsføring. Korleis kan ein bevisstgjera lokalt helsepersonell
- Pasientstrøm: Kan ein forhindre at nokre pasientar reiser forbi sjukestugu?
- Korleis kan ein i større grad få inn sjukestugu er en del av helsetilbodet i Hallingdal
- Kan Ringerike sjukehus bruke tilbodet meir?
- Kan ein eller fleire kommunar kjøpe fleire senger?
- Kan det være sesongvariasjonar

Vurderingar sentralt

Finns det alternative statlege finansieringsmåtar?

Me jobbar med dette spørsmålet opp mot helse- og sosialkomiteen på stortinget for å finne ut om det er grunnlag for å få nasjonal drahjelp til ein distriktsmodell som verkar og som har overføringsverdi til andre distrikt

Konklusjon

Regionrådet drøftar saka, kjem med innspel til vegen vidare og fattar vedtak når mandatet er klart

Hallingdal, 14. mai 2025

Jan Olav Helling
Dagleg leiar